



Arkivnr: 2018/304-16

Saksbehandlar: Toralf Rutledal

Saksframlegg

Saksgang

Uttal	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		11.04.2018

Tildeling av brukte PCar for 2018

Samandrag

Det vert vist til PS 304/2018. Fylkesutvalet har vedteke å etablere ei ordning der organisasjonar og stiftingar kan søke om å få tildelt utrangert PC-utstyr frå Hordaland fylkeskommune, og tildelingskriteria var oppdaterte før 2018-tildelinga. Ordninga har vore annonsert på fylkeskommunen sine nettsider og på facebook med søknadsfrist 15. mars 2018.

Det kom inn 12 søknader, som alle vart vurdert opp mot tildelingskriteria.

Søknadane spenner over eit breitt spekter av ulike hjelpetiltak i Europa, Afrika, Asia og Sør-Amerika, både i regi av einskildpersonar og etablerte hjelpeorganisasjonar. Sjå vedlagte oversikt over søkarar.

Det er mange verdige kandidatar. Etter ei totalvurdering vil fylkesrådmannen foreslå at følgjande søkarar vert tildelt PC-utstyr:

- Hope Zanzibar; yrkesskule for foreldreause barn på Zanzibar – 5 stk.
- Svalene; vidaregåande skule/yrkesskule for jenter i Lima/Peru – 5 stk.
- Indias barn; utdanningshjelp til barn i slumområde i India – 5 stk.
- Prosjekt Håpet; utdanningshjelp til barn i Sao Paulo – 5 stk.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek at følgjande organisasjonar vert tildelt PC-utstyr frå Hordaland fylkeskommune i 2017:

- Hope Zanzibar – 5 stk.
- Svalene – 5 stk.
- Indias barn – 5 stk.
- Prosjekt Håpet – 5 stk.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.03.2018

Saksutgreiing:

Fylkesutvalet vedtok følgande oppdaterte tildelingskriterium i PS 304/2018, som ligg til grunn for tildelinga:

- Søkjarar utanfor Norge prioriterast.
- Barn og unge i organisert skuletilbod og organisert SFO-tilbod prioriterast framfor bruk i administrasjon, studiar, hobby eller leik.
- Etablerte organisasjonar prioriterast. Det kan støttast opp om initiativ i regi av HFK, men dei skal vurderast på lik line som andre søkjarar. Det skal ikkje etablerast hevd. Enkeltpersonar vil ikkje verte vurderte.
- Ein skal søkje å oppnå ei geografisk spreiding for tildelingane.
- Gjennom tildelingane skal det søkjast å oppnå ei viss rullering mellom søkjarar for å sikre at flest mogleg aktørar vert tilgodesett.
- Det skal leggast vekt på generell kvalitet på søknaden.